

RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KUNSTNARSTIPEND FRÅ SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Generelt om ordninga

Sogn og Fjordane fylkeskommune har 2 stipendordningar for kunstnarar.

- Stipend for unge kunstnarar i etableringsfasen
- Arbeidsstipend for kunstnarar

Storleik på eit stipend kan ikkje overstige 50 000 kr.

Som ei vidareføring av eksisterande ordning er 110 000 kr av total stipendsum sett av til stipend til bildande kunstnarar og kunsthandverkarar.

Søknadsfrist 01. mars.

Stipend for unge kunstnarar i etableringsfasen

Føremål: Støtte unge profesjonelle kunstnarar som er busett i eller i ferd med å etablere seg i Sogn og Fjordane.

Kven kan søkje?

Kunstnarar under 35 år innan alle uttrykk som er busett i Sogn og Fjordane eller som skal etablere seg i Sogn og Fjordane i stipendperioden. Kunstnarar under utdanning kan ikkje søkje.

Det er krav om kunstfagleg utdanning eller høg realkompetanse.

Kunstnarar som mottar Statens kunstnarstipend eller Statens garanterte minsteinntekt i den aktuelle perioden kan ikkje søkje kunstnarstipend frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Stipendet kan søkjast av enkeltpersonar.

Arbeidsstipend for kunstnarar

Føremål: Gje skapande og utøvande kunstnarar høve til å utvikle sine kunstnariske uttrykk eller eksperimentere med nye uttrykk.

Kven kan søkje?

Profesjonelle kunstnarar innan alle kunstuttrykk og sjangrar som bur og har sitt virke i Sogn og Fjordane. Kunstnarar under utdanning kan ikkje søkje.

Kunstnarar som mottar Statens kunstnarstipend eller Statens garanterte minsteinntekt i den aktuelle perioden kan ikkje søkje kunstnarstipend frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Om ein har fått stipend gjennom ordninga skal det gå minst 3 år før ein vil bli vurdert for eventuelt nytt stipend.

Stipendet kan søkjast av enkeltpersonar eller grupper.

Krav til søknaden

Saman med utfylkt søknadsskjema skal det leggest ved:

- CV som gjev oversikt over utdanning, stipend og yrkesverksemd.
- Datert oversikt over kunstnarisk verksemd dei siste 5 åra (utstillinga, konsertar, turnear, kunstprosjekt etc.).
- Prosjektplan for bruk av stipendet i stipendperioden, inkludert budsjett.

Søknadsbehandling

Fylkesdirektør for næring og kultur nemner opp 2 fagjuryar som har rådgjevande funksjon overfor fylkesdirektøren som gjer endeleg vedtak. Juryane har ei funksjonstid på to år.

Samanslutningar innanfor dei ulike kunstuttrykka vert bedt om å sende inn framlegg til kandidatar til juryane.

Det vert oppnemnt fagjuryar for:

- Visuell kunst
- Tverrfagleg (musikk, scenekunst, litteratur, film)

Ved vurdering av stipendsøknadene vert det lagt vekt på kunstnarisk aktivitet og kvalitet, og på stipendsøkaren sin plan for bruk av stipendet.

Fylkesdirektør for næring og kultur gjer vedtak om tildeling etter tilråding frå fagjury.

Utbetaling av stipend og rapportering

Stipendet vert betalt ut når vedtak om tildeling er gjort.

Det skal sendast ein rapport for bruken av stipendet innan 3 månader etter at stipendperioden er ferdig. Rapporten skal syne korleis stipendet er nytta og kva resultat mottakaren har oppnådd i perioden.